




Arnfinn Lilleskare har her laga ei skisse med huset til Andreas. I fylje Arnfinn L. skal grunnmurane ha stått på tomte der hotellet vart bygd. I dag er dette parkeringsplass.

DEN FØRSTE OPSITTER I DALE-BYEN

Rolf Erik Veka

I jubileumsavisa til "Nordhordland" i 1939 skriv lokalhistorikaren Nils O. Langhelle om den fyrste som busette seg i Kvammen Andreas Knutsson og kona Britha. Kirsten Dalane Kleivane, som er oldebarn av Andreas og Britha, har gjeve opplysningane om kven dei var og kvar som hende med dei.

Nils O. Langhelle skriv:

Det er sikkert en del nulevende, som har sett Dalekvammen før 1879; men likeså sikkert er det også, at de aller fleste både av bygdefolk og andre, som siden har vært der for kortere eller lengere tid, helst litet vet om dette. Tar man stedet i øiensyn nu og ser på alt, som her er utrettet på nær sagt alle områder, kan man vanskelig tro at her var det øde og tomt for bare 69 år siden men så er dog tilfelle.

Det fremgår ikke verken av kirkebøker eller verdslige protokoller og dokumenter at her har bodd folk før 1870; men dette år nedsatte det sig en plassmann på Lauarsflåten. Hvem han var og hvordan det gikk til, skal jeg forsøke å fortelle litt om.

Plassmannen het Andreas Knudsen og var angivelig født i Jondal år 1836. Han blev 1867 gift i Hosanger med pike Britha Haldorsdatter Dale i Bruvik f. 1841. De bosatte sig først på gården Hole i Hosanger, hvor Andreas hadde et garveri. Allerede 1868 kom de til Dale, idet Andreas' svoger Ingebrigt Haldorsen Dale dette år gav makeskjøte til Andreas Knudsen på sitt bruk i Dale mot vederlag i sistnevntes husbygninger på gårdene Hole og Mjøs i Hosanger værdsatt for 400 spd. og et mellemlag av 220 spd. Dette var altså i 1868. Hvad enten det nu var økonomiske vanskeligheter eller en følge av den dengang så almindelige gjentakning på odelen skal være usagt, men allerede 2 år efter, altså 1870, gav Andreas Knudsen kjøte igjen til Ingebrigt Haldorsen Dale, som samtidig gav festebrev til Andreas Knudsen og hustru Britha Haldorsdatter på plassen Lauarsflåten m. fl. teiger. Dalebøndene hadde tidligere foretatt endel utparselering og innhegning av visse jordstykker av havnegangen og ovenomhandlede bruk hadde fått en teig på Lauarsflåten og denne var det Andreas Knudsen nu fikk byksle. De eneste huse her dengang og visstnok også i Kvammen for øvrig, var en muret flur uden indredning. I festekontrakten heter det bl.a.: "De huse bøkseren måtte opføre på pladset skal være hans eighed." Men om han bygget hus findes ikke anført. Derimot er det protokollert at Andreas Knudsen bøkselede plassen på sin og sin hustrus levetid og at de hadde drevet i 4 år, da konsul Jebsen, som var blitt eier av hovedbruket, innløste bøksekontrakten med 20 spd.

Ut frå disse fakta må det ansees oplagt at Andreas Knudsen bygget hus på plassen og bodde der, hvor han hadde sit fjøs og sin besetning og at han således var den første opsitter i Dalebyen.

Bergen i juni 1939. N. O. Langhelle

Kven var så denne Andreas Knutsen? Rolf Erik Veka

N. O. Langhelle skriv i sin artikkel ovafor at han var frå Jondal. Det står det også under garden Hole i bygdebok for Hosanger. Ein skrivefeil er truleg årsak til den mistydinga, han var fødd i Jordal i Åsane.

Foreldra var Knut Johannesson Lavik og Anna Andersdtr. Skjervheim. Knut var f. 1794 på bnr. 1 på Lavik i Eksingedalen og Anna var f. 1809 på Øvre Skjervheim i Myrkdalen. Dei vart gift i 1828 og budde ei tid på Jordal. I 1838 gjorde dei makeskøyte med Olav Larsson Lavik på bnr. 5 og flytte til Lavik. Dei hadde 10 born, den eldste Agata er fødd før dei kom til Jordal. 5 born vart fødte i Jordal, då dei kom tilbake til Eksingedalen. Knut døydde 1861 og Anna 1909. blant dei er Andreas, og dei siste 4 på Lavik. Andreas var fødd i 1836 og var 2 år.



Andreas, sonen Knut og Britha. Etter alderen på Knut må bilete vera tatt den siste tida dei var på Dale.
Utlånt av Kirsten Dalane Kleivane.

I den tida var det skysstasjon med overnatting på Dalegarden, for reisande austom Dale og for vidare reisande til Bergen. Reisande frå Eksingedalen kunne velja denne reisevegen dersom dei ikkje valde å ro Osterfjorden. Det var visstnok slik Andreas møtte Britha Haldorsdatter, som han vart gift med 21.oktober i 1867. Ho var dotter til Haldor Ingebrigtson, kalla "Skule-Haldor'n", og Maria Thomasdotter Skaftå.

Andreas og Britha fekk 2 born medan dei budde på Dale, Knut f. 1870 og Maria f. 1876. Etter at konsul Jebesen løyste ut bygslekontrakta, flytte dei til Langeland i Samnanger. Grunnen til at dei flytta dit, var truleg at Britha si søster Kari var gift og budde der. Dei budde i 2.etasje hos Kari og Johannes Langeland. Dei fekk 2 born til som vart fødte på Langeland, Anna-Helena f. 1885 og Haldor f. 1890.

Andreas arbeidde som vegarbeidar/anleggsarbeidar etter at dei kom til Samnanger. På sine eldre dagar dreiv han også som skomakar. Han dreiv og som emissær og reiste rundt og tala på møter. Rundt 1898 bygde han seg eit lite hus på Tveit, i nærleiken av Langeland. Britha fekk tuberkulose og døydd i 1899. Andreas gifta seg oppatt i 1902. Han døydd i 1930. Grava han finst enno på kyrkjegarden i Samnanger.